



Utval:	<b>Helse- og omsorgsutval</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgsenter
Dato:	02.03.2017
Tid:	13:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

### SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/5	Godkjenning av protokoll Referatsaker	

Leiar ønskjer å ta opp kommunesamanslåing og brukarutval for sjukeheim i helse og omsorgsutvalet.

Midsund 27.02.2017

Lars Joar Hagseth  
Leiar

  
Malvin Gjendem Bjørnerem  
Utvalsekretær

**PS 17/5 Godkjenning av protokoll**

**Referatsaker**



Utval:	<b>Helse- og omsorgsutval</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund Omsorgsenter
Dato:	26.01.2017
Tid:	15:00

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Eli Linda Nesje	NESTL	KRF
Svein Misund	MEDL	V
Oline Blø	MEDL	AP
Liv Sissel Fanum	MEDL	SP

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Lars Joar Hagseth	LEDER	AP

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti
Petter Ræstad		SP

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Astrid Abelseth	Rådgevar
Leif Arne Lagesen	Einingsleiar Helse og omsorg
Martha Midtbø	Einingsleiar butenesta
Thomas Rakvåg	Kommuneoverlege
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Eli Linda Nesje

Svein Misund

Liv Sissel Fanum

Oline Blø

Petter Ræstad

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/1	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 17/2	Legevaktsamarbeid - Krav om fast lønn i tidsrommet kl 23:00 - 08:00	2017/4
PS 17/3	Søknad om serverings- og skjenkeløyve - Midsund	2016/498
PS 17/4	Marina Søknad om skjenkeløyve - for enkeltarrangement	2017/42

Det vart halde møte i Helse og omsorgsutvalet den 26.01.17 ved Midsund Omsorgsenter. Møtet vart leia av nestleiar Eli Linda Nesje og tok til kl 15:00.

Lars Hagseth hadde meldt forfall til møtet. 1. vara Leiv Magne Ugelvik ville vere inhabil i sak om skjenkesøknad til Midsund Marina, så 2. vara Petter Ræstad møtte som varamedlem. Det var 4 voterande ved oppstart av møtet og rådet var vedtaksfør.

Innkallinga var godkjent.

Til saklista vart utvalet spurdt om dei ville behandle søknad om skjenkeløyve for enkeltarrangement ved Bygdheim forsamlingshus, sidan søknaden kom inn etter innkalling og sakliste vart sendt ut.

Det vart samrøystes vedtatt å behandle saka i møte og den saka vil då få saksnummer 17/4.

Svein Misund slutta seg til utvalet og det var då 5 voterande og fulltaleg.

Før sak 17/3 og 17/4 held rådgjevar Astrid Abelseth ei orientering om alkohollova.

Einingsleiar Leif Arne Lagesen orienterer:

- Omorganisering i Helse og omsorgseininga
- 39 topper over 200m
- Omlegging av datasystem
- Sjukefråvær

Kommuneoverlege Dr. Thomas Rakvåg orienterer om framtidig legevaktsamarbeid i nye Molde kommune.

### PS 17/1 Godkjenning av protokoll

#### Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 26.01.2017

Protokoll frå møtet den 24.11.2016 vart godkjent.

## Referatsaker

### PS 17/2 Legevaktsamarbeid - Krav om fast lønn i tidsrommet kl 23:00 - 08:00

#### Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre godkjenner protokollen frå forhandlingane 24.11.2016.
2. Legane sitt krav om fastlønn i tidsrommet vert imøtekome, i tråd med § 9 i SFS 2305 og vert gjeldande frå 01.09.2016.
3. Dei auka utgiftene ( 330.000 kroner/år) skal dekkast inn ved omdisponering innan budsjettet for helse og omsorg.

#### Behandling i Helse- og omsorgsutval - 26.01.2017

Rådmann Ketil Ugelvik orienterte om saka og om forhandlingane med hovedtillitsvalt for legane i Aukra, Midsund og Sandøy.

#### Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 26.01.2017

1. Midsund kommunestyre godkjenner protokollen frå forhandlingane 24.11.2016.
2. Legane sitt krav om fastlønn i tidsrommet vert imøtekome, i tråd med § 9 i SFS 2305 og vert gjeldande frå 01.09.2016.
3. Dei auka utgiftene ( 330.000 kroner/år) skal dekkast inn ved omdisponering innan budsjettet for helse og omsorg.

### PS 17/3 Søknad om serverings- og skjenkeløyve - Midsund Marina

#### Forslag til vedtak:

Det kan ikkje gjevast eit fleksibelt skjenkeløyve for enkelt anledningar. Midsund Marina må søkje særskilt om skjenkeløyve for kvart enkelt arrangement. Jf Alkoholova § 1-6 andre, ledd andre punktum.

#### Behandling i Helse- og omsorgsutval - 26.01.2017

Oline Blø stilte spørsmål ved sin habilitet i denne saka, og trekte seg tilbake.

4 voterande over habilitetsspørsmål.

Helse- og omsorgsutvalt voterte over henna habilitet og vart ho vart samrøystes kjent inhabil.

4 voterande.

#### Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 26.01.2017

Det kan ikkje gjevast eit fleksibelt skjenkeløyve for enkelt anledningar. Midsund Marina må søkje særskilt om skjenkeløyve for kvart enkelt arrangement. Jf Alkoholova § 1-6 andre, ledd andre punktum.

Oline slutta seg til utvalt.

5 voterande.

## PS 17/4 Søknad om skjenkeløyve - for enkeltarrangement

### Forslag til vedtak:

Bygdheim forsamlingshus får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføring av arrangement Påskedans i tidsrommet 15.04.2017 – 16.04.2017.

Løyvehavar: Bygdheim forsamlingshus  
Skjenkestad: **Bygdheim forsamlingshus**  
Styrar: Dan Eivind Rakvåg f. 25.01.1980  
Nestansvarl.: Tina Holm f. 19.11.1972  
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol  
Type løyve: Løyve for ein bestemt anledning jf. § 1-6, 2 ledd i Alkohollova  
Løyveperiode: 15.04.17 – 16.04.17  
Skjenkeareal: Dansesal 1.  
Skjenketid: 15.04.17 – 16.04.17 kl 22.00 – 02.00  
Løyvegebyr: Jf. § 7-1, 2. ledd i Alkohollova fastsett Midsund kommune løyvegebyr. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen.  
Vilkår: \* Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast.

### Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 26.01.2017

Bygdheim forsamlingshus får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføring av arrangement Påskedans i tidsrommet 15.04.2017 – 16.04.2017.

Løyvehavar: Bygdheim forsamlingshus  
Skjenkestad: **Bygdheim forsamlingshus**  
Styrar: Dan Eivind Rakvåg f. 25.01.1980  
Nestansvarl.: Tina Holm f. 19.11.1972  
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol  
Type løyve: Løyve for ein bestemt anledning jf. § 1-6, 2 ledd i Alkohollova  
Løyveperiode: 15.04.17 – 16.04.17  
Skjenkeareal: Dansesal 1.  
Skjenketid: 15.04.17 – 16.04.17 kl 22.00 – 02.00  
Løyvegebyr: Jf. § 7-1, 2. ledd i Alkohollova fastsett Midsund kommune løyvegebyr. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen.  
Vilkår: \* Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast.

Møtet vart heva kl 16:55.